



DEN NORSKE KYRKJA

Skjåk kyrkjelege fellesråd



*Årsmelding 2024*  
*Skjåk kyrkjelege fellesråd*



**Årsmelding 2024**

Skjåk kyrkjelege fellesråd si samansetting og verksemd:

**Medlemmar frå Skjåk sokn :** Runa Aurmo, Frida Risheim Hjeltar, Terje Kveen

**Medlemmar frå Nordberg sokn:** Nils Arne Flaten ,Magnhild Teigum, Siv Jorunn Welve

**Vara mdl .Skjåk sokn:** Jarnfrid Rustad ,Monica Tuva, Sigurd Mølmen, Margot Elin Teigen

**Vara mdl. Nordberg Sokn:** Ronny Eiesar, Laila Bårdseng, Eilev Aurstad, Aud Jotun

Kommunal mdl . Anna Krogstad

Kommunal varamdl. Kristen Haugen Dagsgard

Kåre Gloslie Sokneprest

Siv Jorunn Welve har vore leiar og Terje Kveen nestleiar

**Arbeidsutval :**

- Siv Jorunn Welve
- Terje Kveen
- Kåre Gloslie



# DEN NORSKE KYRKJA

*Skjåk kyrkjelege fellesråd*

## Messe og kulturutval/diakoni /trusopplæringsutval

- Frida Risheim Hjeltar
- Monica Tuva
- Runa Aurmo
- Sigurd Mølmen
- Ronny Eiesar
- Margot Elin Teigen
- Magnhild Teigum,
- Mona Grimstad
- Sokneprest
- Organist
- Kyrkjelydssekretær
- Trusopplærar



## Kyrkjegardsutval :

- Bjørnar Stenersen
- Terje Kveen
- Anna Krogstad
- Nils Arne Flaten
- Jarnfrid Rustad
- Eilev Aurstad
- kyrkjetenar
- kyrkjevevje

**Tilsyn i Nordberg kyrkjestugu:** Jarnfrid Rustad

**Tilsyn i Skjåk kyrkjestugu** Laila Bårdseng

## Kyrkjebladnemnd :

- Kari Ørjasæter
- Aud Jotun
- Runa Aurmo
- Kristen Haugen Dagsgard
- Kyrkjekontoret

## Admin/forhandlingsutval :

- Aud Jotun
- Siv Jorunn Welve
- Terje Kveen
- Kari Ørjasæter tilsett rep.
- Kyrkjevevje

## Fondstyre :

- Kyrkjevevje

**Skrivar i Messe og kulturutval/diakoni /trusopplæringsutval**

**Sakshandsamar/skrivar**

**AU og Skjåk Kyrkjelege Fellesråd**

Kyrkjelydssekretær Kari Ørjasæter

Kyrkjevevje Amborg Teigum



## DEN NORSKE KYRKJA

Skjåk kyrkjelege fellesråd

Skjåk kyrkjelege fellesråd har hatt Årsmøte ,gjennomgang av brann rutinar , 5 vanlege møte og vedtak i 36 saker og vedtak i 11 soknerådsaker .

### Januar:

- Nyttårskonsert i Nordberg kyrkje
- Møte i ymse utval
- Samarbeidsmøte i Ottadalen
- Konfirmantpresentasjon i Skjåk
- Statistikk
- Andakt på Skjåkheimen
- Fysiske messer i både kyrkjene
- Skjåk spelet film på Kraftverket

### Februar:

- Møte i ymse utval
- HEKTA leir på Lillehammer
- Alle konfirmantane på samefplkets dag i Vågå
- Boller og Bok på Kraftverket (4 åringer )
- Andakt på Skjåkheimen
- KA kurs på Otta for rådsmedlemmer
- Kyrkjeblad

### Mars:

- Møte i ymse utval
- Messer i både kyrkjene
- Andakt og messe på Skjåkheimen
- Markering av Jordtimen i kyrkjene
- Pynting av påsketre i Nordberg kyrkje av Dønfoss barnehage
- Pynting av påsketre i Skjåk kyrkje av barnehagane i Bismo og Holemork
- Fasteaksjon
- Felles samling konfirmantane i Ottadalen i Lom
- Konsert med Get Rythm i Nordberg kyrkje
- Messe på Skjåkheimen med servering av "kyrkjekaffe" ved Fondstyret

### April:

- Møte i ymse utval
- Fellesmesse med Lom påskekvelen
- Orgelstemming
- Andakt på Skjåkheimen
- Samarbeidsmøte Ottadalen
- Tårnagent
- Messe på Skjåkheimen
- Gjennomgang av brannrutiner Skjåk kyrkje

### Mai:

- Rakar dugnad på både kyrkjegardane
- Minnemarkering 8.mai Freds og veterandagen Nordberg  
Tale ved Jonny Gundersen  
Konsert med Veronica og Elias Akselsen
- Pianostemming i både kyrkjene
- 17.mai messe på Kraftverket





## DEN NORSKE KYRKJA

*Skjåk kyrkjelege fellesråd*

- Andakt på Skjåkheimen
- Kr.himmel fartsdag -messe på Skjåkheimen
- Kyrkjeblad
- Gjennomgang av brannrutinar i Nordberg kyrkje
- Rådsmøte i Nordberg kyrkjestugu

### Juni:

- Møte i ymse utval
- Kyrkjeblad
- Kontroll på sløkkjeutstyr i kyrkjene
- Plantedugnad på Nordberg kyrkjegard
- Konfirmantbryllaup i Skjåk
- Messer i båe kyrkjene
- Skaperverkets dag  
(Nordberg kyrkje grunna dårleg vær)
- Messe i Garmo kyrkje på Maihaugen St.Hans

### Juli:

- Regnbogemesse på Grimstad setra Sota
- Orgel stemming i kyrkjene
- Country konsert i Nordberg kyrkje
- Dugnad i Skjåk kyrkje
- Messer i båe kyrkjene
- Felles olsokmesse i Lom

### August :

- Møte i ymse utval
- Messer i båe kyrkjene
- Andakt på Skjåkheimen
- Samtalemesse og konfirmantjubiläum

### September:

- Møte i ymse utval
- Konfirmasjon Nordberg kyrkje
- Konfirmasjon i Skjåk kyrkje
- Kyrkjeblad
- Andakt på Skjåkheimen
- Forestillinga HJEMME i Marlo Grendehus
- Hausttakkemesse

### Oktober:

- Møte i ymse utval
- Andakt på Skjåkheimen
- Samarbeidsmøte Ottadalen i Lom
- Konsert med Bjørn Kåre Odde /Folk Chamber i Skjåk kyrkje
- Kyrkjegardsvandring på Skjåk kyrkjegard for 11-12-åringane
- Siste dugnad med utrydding av fuglereir





## DEN NORSKE KYRKJA

*Skjåk kyrkjelege fellestråd*

### November:

- Møte i ymse utval
- Helgemesse i både kyrkjene 03.11. kl.18.00 og kl.20.00
- Messer i både kyrkjene
- Andakt på Skjåkheimen
- Informasjonsmøte til kyrjekonfirantar 2024 og foreldre
- Infomøte for konfirmantane 2025
- Møte med Skjåk kommune

### Desember:

- Markering av advent med tenning av juletre og utdeling av julebok til 2 og 3-åringane i Nordberg kyrkje
- Branntilsyn
- Kyrkjeblad
- Sokneprest Kåre Gloslie og trusopplærar Endre Skjåk var på besøk i Bismo, Dønfoss og Hølemork Barnehage
- Messer Skjåkheimen og i kyrkjene i julehøgtida
- Ba inn alle i ressursgruppa til adventkaffe på Kraftverket.

Alle medlemmane i gruppa fekk kvar sin billett til Nyttårskonserten i Garmo kyrkje 01.01.2025



**Frå kyrkjeleg årsstatistikk tek vi med:**



# DEN NORSKE KYRKJA

Skjåk kyrkjelege fellesråd

| Aktivitet                                        | 2022 | 2023 | 2024 |
|--------------------------------------------------|------|------|------|
| <b>Messer i Nordberg kyrkje</b><br>/andre stader | 22   | 23   | 21   |
| Besøkande                                        | 818  | 1012 | 801  |
| Dåp i Nordberg kyrkje                            | 3    | 8    | 4    |
| Gravferder i Nordberg kyrkje                     | 8    | 8    | 8    |
| Konfirmerte                                      |      | 8    | 2    |
| Vigslar                                          |      |      | 4    |
| <b>Messer i Skjåk kyrkje</b><br>/andre stader    |      |      |      |
| Besøkande                                        | 1117 | 1062 | 1049 |
| Gravferder i Skjåk kyrkje                        | 21   | 11   | 22   |
| Konfirmerte i Skjåk kyrkje                       | 14   | 7    | 13   |
| Vigslar                                          |      |      | 3    |
|                                                  |      |      |      |
|                                                  |      |      |      |
|                                                  |      |      |      |





## DEN NORSKE KYRKJA

Skjåk kyrkjelege fellestråd

### Samarbeid med Skjåk Kommune:

Vi har ei tenesteyting avtale med Skjåk Kommune frå 1997 som omhandlar:

- Økonomi og rekneskap
- IKT

### Kyrkjelege stab i Skjåk i 2024:

- |                                   |       |                   |
|-----------------------------------|-------|-------------------|
| • Kyrkjelydssekretær              | 60 %  | Kari Ørjasæter    |
| • Kyrkjetenar i Nordberg og Skjåk | 100 % | Amund Hånsnar     |
| • Organist                        | 40%   | Eirik Matias Urdi |
| • Kyrkjelyds arbeidar             | 25%   | Endre Skjåk       |
| • Kyrkjevevje                     | 100%  | Arnborg Teigum    |

- Noa Hånsnar har vore sommarhjelp på kyrkjegardane

Sokneprest Kåre Gloslie, som er tilsett i Hamar bispedømme, er ein del av den kyrkjelege staben i Skjåk.

### Personale og arbeidsmiljø:

Stabsmøte er avhalde på kontoret, om lag annakvar veke, etter behov og arbeidsmengde.

Ved å velje seg ein arbeidsplass i Den norske kyrkje må ein ha ei innstilling til arbeidet, at det fort kan kome endringar i arbeidsplan. Det er eit stort gode for arbeidsmiljø og sin eigen arbeidssituasjon å kunne vere tilpassingsdyktig og evne å møte folk i alle livets situasjonar. Livet kan snu fort og den kyrkjelege stab må ha ei positiv innstilling for at dette samspelet skal vere godt.

Kontoret har vore ope nesten kvar vyrkedag i året som har gått.

Sommaren 2024 har kyrkjetenar hatt opne kyrkjer når han har vore til stades på kyrkjegarden. Dette har vore godt motteke og mange har vore innom, størst trafikk i Nordberg kyrkje. Og denne sørvisen er det mange som nyttar seg av, som ikkje stoppar andre stader i bygda.

2024 har vi hatt tilsett ein kyrkjetenar i 100% på pensjonistlønn

Kyrkjevevje er med ABV (arbeidsveiledning) i Hamar bispedømme som starta i 2022 og er treårig (ABV er definert som ei erfaringsbasert vegleiing, der arbeidstakar sjølv bestemme tema knytt til sin eigen arbeidssituasjon (yrkeserfaringar vert henta fram og bearbeidd). Alle sider ved yrkeserfaringa kan tematisast.

Elles så vert det lagt til rette for at tilgjengelegheit til stab, kyrkjekontoret, kyrkja og kyrkjelege tenester skal vere best mogleg.

Det er bra arbeidsmiljø i den kyrkjelege stab i Skjåk.



DEN NORSKE KYRKJA

Skjåk kyrkjelege fellelsråd

## Årsrapport trusopplæring i Skjåk 2024

2024 har vore eit driftsår utan dei store endringane i innhald. Samarbeidet med Lom held fram om ei 50% stilling som kyrkjelyds arbeidar. Endre Skjåk er tilsett i stillinga.

Vi samarbeider med Lom om fleire tiltak, særleg med tanke på konfirmantundervisninga. I 2024 har dette også vore utvida med tettare samarbeid med Vågå. T.d. samefolkets dag og fasteaksjon i Lom

I løpet av året har ein søkt å ha tiltak for alle aldersgrupper. Vi meiner vi har eit brei og god vifte av tilbod på plass. Den store utfordringa er framleis aldersgruppa 15-18, etter konfirmasjon. Desse har tilbod om å melde seg på tiltak gjennom HEKTA-systemet, men det er ynskjeleg å kunne kome opp med eit eige tiltak for aldersgruppa, gjerne i samarbeid med Lom og evt. Vågå.

Konfirmantundervisninga har gått som vanleg. Dei fleste samlingane går no på kraftverket som er praktisk mtp avstand til skule. Vi har hilde fram med servering av varm mat. I år har vi hatt med frivillige som har stått for dette som har vore svært positivt, særleg sosialt. Vi har halde fram med leir i Håkons hall på Lillehammer i februar der heile Ottadalen er med. Det kunne også vore ynskjeleg med ein stuttare tur på vårparten, helst ein dagstur, i tråd med tidelgare opplegg. Økonomien set begrensningar her da mange utgifter har auka kraftig, som transport.

Vi har gjennomført utdeling av kalender til 2- og 3-åringane samt bøker både til 4, 6 og 10-åringane som planlagt.

Samarbeid med skule og barnehage er framleis ei utfordring. Skulane besøker Skjåk kyrkje i samband med Skjåkveka som er svært positivt. Vi skulle gjerne fått på plass eit opplegg med ei juleavslutning men dette har ikkje vore ynskjeleg frå skulen si side. Barnahagane er delt, nokre har besøk av oss før jul og andre vil stå for dette sjølve. Vi fortset å oppretthalde kontakt og er på tilbodssida.

Oppslutninga om tiltaka varierar men er jamt over bra. Tala på dåp og konfirmantar er blant dei høgaste i landet.

Kyrkjelydsarbeidar skal ut i foreldrepermisjon hausten 2025 så ein må planlegge året med dette i mente.

For trusopplæringa i kyrkja i Skjåk

Endre Skjåk

**Konfirmanttida:** Fasteaksjonen var gjennomført 19 mars 2024

Resultatet var på i Skjåk sokn kr.,22154,-og kr. i


Nordberg sokn kr.11955,-

Totalt kr 34109 .-noko som er eit sær godt resultat!

Rakar dugnadane på kyrkjegardane vart avvikla 6.og 7.mai  
Der skulle konfirmantane møte saman med ein vaksen og rive

Konfirmantbryllaup i år vart lagt til 12. juni i Skjåk . Endre Skjåk las den gamle bodsmannsbøna og «gjestbodshopen» gjekk til ei festpynta kyrkjestugu ,der det vart servert rumgraut, og spekematspyd Kaffe og blautkake til dessert

Samtalte om gamle tradisjonar knytt opp mot gjestebod. Elles





## DEN NORSKE KYRKJA

*Skjåk kyrkjelege fellesråd*

var oppgåvene fordelt på konfirmantane.

24. august var det samtalemesse i Skjåk, Konfirmantane stilte spørsmål og Sokneprest Kåre måtte svare. Vi hadde flotte 2 konfirmasjonsmesser med fulle kyrkjer. Planlagt attpålag med gokart køyring i Botn og mat på Dønfoss camping, vart diverre avlyst/sett ut, grunna dårleg vær Planlagt gjennomføring våren 2025

Evalueringa vi gjennomførte med konfirmantane syner at dei er godt nøgde med opplegget

Nytt i 2024 er at det på alle konfirmantsamlingane har vore servert varm mat, når dei kjem frå skulen

Stor takk til Mari Teigum og Arnhild Lyngved som har stått for dette



Frå konfirmantbryllaup



**Gudstenester/messer :** Det har vore halde 40 messer i kyrkjene våre i tillegg

8 samlingar i Kraftverket og 4 felles messer med Lom

Vi byrjar å få til ei brei ressurs gruppe i kyrkja : Forsongarane er etablert fast og er ei god støtte i messene

Tekstlesargruppe på 8 personar er på plass

Og arbeidet med å utvikle gruppa er godt i gang

### **Kyrkjemusikk :**

Eirik Matias Urdi har vore organist i 2024, hovudsakleg på messer, gravferder, og andakter, samt tre vigslar. 14. juli var det både messe og vigsel på Sota, elles har alt gått føre seg i Skjåk og Nordberg kyrkje, og på Skjåkheimen og Kraftverket i Bismo. I tillegg har det vore arrangert ekstra songstunder på Framstugu og Skeiro på Skjåkheimen.

Året byrja sterkt med konserten "Vi lyser i stille grender" i Nordberg kyrkje 1. januar. Her deltok organisten, Endre Skjåk, Iselin Anna Aukrust, Lasse Tronstad, Mari Midtli, Vegar Vårdal, og Vemund Olav Aukrust.

Både orgelet i Skjåk og Nordberg kyrkje vart stemt 19. juli. Pianoet i Skjåk kyrkje vart stemt 22. desember.

Det har vore godt samarbeid med fleire musikarar på både messer og gravferder - både som soloinnslag og i samarbeid med organisten – mellom anna med Skjåk Songlag, Lom & Skjåk Brass, og Reidar Svare.



## DEN NORSKE KYRKJA

*Skjåk kyrkjelege fellesråd*

Vemund Vang, Rikard Melhus Dahl, Frikk Gjeilo, Svein Brennhaug har gjeve gode musikalse bidrag inni messene våre .Det har også vore svært godt oppmøte og deltaking blant forsongarkoret vårt.

Nordberg kyrkje :23.mars konsert med Get Rhythm

8.mai Veronica og Elias Akselsen

29.juni Couyntrykonsert

Skjåk kyrkje 18.oktober konsert med Bjørn Kåre Odde/Chamber



**Kyrkjegardane:**

**Bygg og anlegg:**

**Nordberg kyrkje / Nordberg kyrkjegard/ kyrkjestugu:**

Vedlikehald av klyppar

Vedlikehald/sørvis på traktor

Teke ned rotne tre



**Skjåk Kyrkje /kyrkjegard/ kyrkjestugu**

Rydd ut alt fuglereir

Lagt isolerande duk på loftet som strakstiltak

Teke ned rotne tre

Reparert baldakin over preikestol



### Kraftverket

Lokala har vore leigd ut til vaksenopplæring i Skjåk kommune store delar av året

**Utfordringar framover for Skjåk kyrkje/kyrkjegard**



## DEN NORSKE KYRKJA

*Skjåk kyrkjelege fellesråd*

- Vedlikehald på taket Skjåk kyrkje :
- Flytte kompostbinge
- Skifte parkljøs til led
- Minne lund
- Fjerning av merkte tre
- El. ringing

### Utfordringar for Nordberg kyrkje/kyrkjegard framover:

- Gjerde/skjerm mot rv.15 i Nordberg
- Oppgradere vegen fram til kyrkja frå rv.15
- Flytte kompostbinge
- Minne lund
- El. ringing
- Skifte tak på kontor/sørvisbygg



Kontroll på kyrkjebygga annakvart år

Brannførebygging –

Kontroll av alle brannsløkkings apparat ein gong pr.år

Termofotografering kvart 3.år

El .tilsyn

Kontroll på kyrjeklokkane

### Kyrkjebladet:

Kyrkjebladet er eit viktig informasjonsorgan for Skjåk kyrkjeleg fellesråd.

Dette året har vi samarbeidd med Fjuken om oppsett og trykking har gått føre seg på Dale Gudbrand på Tretten Dette året har det vore utgjeve 4 nummer..



I 2024 har kyrkjebladet vore køyrt ut på dugnad ,takk til medlemmar i Skjåk kyrkjelege fellesråd for positiv innstilling til dugnadsarbeid.

Kyrkjebladet er og tilgjengeleg på [www.skjaak.kyrkja.no](http://www.skjaak.kyrkja.no)  
Har mange abonnentar utanbygdes.



### Misjonsavtale:

Skjåk kyrkjelege fellesråd har ei samarbeidsavtale med Himalpartner

Partane har som målsetting å

- Vekkje og gje kyrkjelyden eit felles misjonsengasjement.
- Gje omgrepet misjon eit konkret innhald
- Gje kyrkjelyden eit åndeleg og praktisk ansvar for misjon
- Gje Himalpartner sitt arbeid i støtte i form av forbøn og skilling

Det har vore 4 ofringar på totalt kr **Kr. 3 976,-**

Himalpartner er ein nokså liten organisasjon, men med mange «fotsoldatar»

Sokneprest Kåre Gloslie har vore i Nepal 3 gonger ,seinast i november 2023 og fekk ved sjølvsyn sjå fleir av prosjekta som Himalpartner er ein del av.

### Blomefond:

Kyrkjekontoret driv sjølve arbeidet med Skjåk Blomefond og Nordberg Blomefond.

Dette er ei teneste som er godt teke imot av dei som nyttar tenesta.



# DEN NORSKE KYRKJA

Skjåk kyrkjelege fellesråd

Det fell ein del ekstraarbeid på kontorpersonale, men er positivt for Skjåk kyrkjelege fellesråd sitt omdømme, som ei sørvisbedrift. Og nå går all inntekt direkte til Blomefondet

Betalingsstilbud med vipps/nettbank/kontant. Arbeidet har vorte enklare etter kvart som digitale betalingsløyisingar har vorte betre

Alle gravstader får sommarblomar for kr.100,- som kan hentast på utsal til Skjåk Gartneri eller på plantedugnad i Nordberg.

Pårørande til dei som har gått burt siste året, får ein kvit asalea til julehøgtida. Denne vert delt ut av medlemmane i Skjåk kyrkjelege fellesråd. Pårørande som ikkje har tilhald i Skjåk eller Lom får eit kort av kyrkjene pr. post. Elles vert midlar frå Blomefonda nytta til blomar, ljøs og anna for å pynte opp i kyrkja og kyrkjegarden.

Skjåk kyrkjelege fellesråd fekk ei storslegen gåve frå Gunvor Tofte til vedlikehald av taket på Skjåk kyrkje

## Fondstyret

Kyrkjeveerje som administrera fondstyret for Skjåkheimen

Det vert kjøpt inn kaker til kyrkjekaffe i påska

I tillegg vert det bestilt blomehelsingar til alle avdelingar på Skjåkheimen til påske.

## Kontoret :

Skjåk kyrkjelege fellesråd har gode og tilfredsstillande lokal i Skjåk Energi bygget

i Moavegen 28. der plar vi å halde både stabsmøter og andre møter i utval og fellesråd

I tillegg til kontorlokale leiger vi Kraftverket. Dette lokalet vert nytta til konfirmantundervisning messer, møter, trusopplæring og andre tilbod. I 2024 har vi leigd ut 4 dagar pr.veke til vaksenopplæringa i Skjåk kommune.

For å oppretthalde dette, så bidreg dei som har sitt daglege virke på kyrkjekontoret med vask og orden for å halde kostnadane på eit minimum

[www.skjaak.kyrkja.no](http://www.skjaak.kyrkja.no) er heimesida til Skjåk kyrkjelege fellesråd. Der vert og Kyrkjeblad og møtereferat lagt ut M.a. oversiktskart over alle gravlagde på kyrkjegardane i Nordberg og Skjåk. Dette tilbodet har vi vore einslege om i Gudbrandsdalen. No er dette erstatta med Grav.no der du kan søke opp heile landet Qr kode som er hengt opp på plakattavla utanfor kyrkjene.

Er og på Facebook under:



Skjåk kyrkjelege liv- naturlegvis



eller Kyrkja Skjåk

**Rekneskap :** Ferdigført Rekneskap for Skjåk kyrkjelege fellesråd syner eit mindreforbruk på kr.35 404.95. Men rekneskapen går i null, fordi det skal strykast bruk av fond ved mindreforbruk

## Takk til dei tilsette:

Skjåk kyrkjelege fellesråd vil takke dei tilsette og Sokneprest Kåre Gloslie, for arbeidet som har vore gjort gjennom dette året, slik at vi kan sjå attende på godt utført arbeid.

Vi vil og takke vikarar, for det gode samarbeidet vi har med dei.

Ein stor takk, skuldar vi og dei friviljuge, forsorger koret og tekstlesarar

Skjåk kyrkjeleg fellesråd vil og få rette ein takke til Veronica Tråstad og andre på økonomiavdelinga i Skjåk kommune for god hjelp og godt samarbeid.

Skjåk kyrkjekontor 17.02.2025

Siv Jorunn Welve

Leiar i Skjåk kyrkjelege Fellesråd

Arnborg H. Teigum

Kyrkjeveerje

*Siv Jorunn Welve*

*Arnborg Teigum*